

Søknad om KUP-midler

Utvikling av Galleri Salhus som arena for tekstilkunst i Hordaland

Galleri Salhus, Norsk Trikotasjemuseum, Museumssenteret i Hordaland

Bakgrunn for søknad:

I dag finst det ingen profesjonelle visningsstader for kunst i Åsane bydel i Bergen. Åsane er ein stor, folkerik og raskt veksande bydel, og eit profesjonelt rom for visning av det visuelle kunstfeltet vil vere ein viktig motor i byt utviklinga i Åsane.

Ved Norsk Trikotasjemuseum i Salhus i Åsane finst eit lokale som museet i vekslende grad har nytta til ulike typar utstillingar. No ønskjer me å utvikle lokalet til å bli ein meir aktiv og synleg visningsstad for kunst generelt, og tekstilkunst spesielt. Kunstutstillingane skal retta seg mot, og trekka til seg publikum både frå Salhus, Åsane og Bergen, men òg frå Hordaland, resten av landet, samt mot eit internasjonalt publikum.

Me finn ikkje eit galleri eller ein profesjonell visningsstad for tekstilkunst i Hordaland i dag slik som i Oslo, kor dei til dømes har Soft Galleri (<http://www.softgalleri.no/>). Norsk Trikotasjemuseum har tekstilindustrien som tematisk fagfelt og eit galleri for tekstilkunst ved museet vil vere med å gje tekstilkunstnarane i Hordaland sin eigen treff- og visningsstad, og fleire av dagens fasilitetar som allereie finst ved museet kan nyttast for å leggje til rette for og utvikle ein profesjonell visningsstad for tekstilkunst i Åsane, Bergen som òg vil gagne heile Hordaland og det nye storfylket Vestland.

Langsiktig mål:

Utvikle og etablere ein aktiv visningsstad med hovudfokus på (men ikkje avgrensa til) tekstilkunst. Visningsstaden vil ha fast lokalitet ved Norsk Trikotasjemuseum i Salhus. Høg utstillingaktivitet, høg kvalitet, langsiktig programmering og aktiv formidling.

Søknaden gjeld forprosjekt.

Om prosjektet:

Galleri Salhus ønskjer å utføre eit prøveprosjekt med produksjon og visning av 5 kunstutstillingar med hovudvekt på tekstil. Forprosjektet testar ut og evaluerer og på grunnlag av dette vil me ta stilling til vidare utvikling, samt ambisjons- og aktivitetsnivå for Galleri Salhus.

Målsetjing med prosjektet:

Målsetjinga for forprosjektet er å testa ut kor vidt Galleri Salhus kan fungere som Bergen og Hordaland sin nye profesjonelle visningsstad for tekstilkunst. Eit mål er å teste ut om museet kan bidra til å utvikla kunstlivet i fylket og samstundes utvikle spanande formidling og arrangement knytt til utstillingane. Me håpar også at tilgangen til museet i tilknytting til galleriet kan vere ein ressurs for tekstilkunstnarar og at dette kan resultere i spanande samarbeid for begge partar.

Me ønskjer sjølvstøtt òg at galleriet vil bli ein kjend og attraktiv visningsstad for tekstilkunstnarar ikkje berre i Hordaland, men i heile Noreg.

Programområde:

A: Formidling og deltaking

- Ei utvikling av Galleri Salhus vil bidra til publikumsutvikling gjennom stadig nye utstillinger, der publikum møter nye uttrykk. Kunsten er med på å utfordre det etablerte, og kan skape diskusjon og nyfikenkap langt utover sitt eige fagfelt. T.d. omkring ressursbruk, samfunnsutvikling, etikk etc.
- Galleri Salhus vil legge vekt på formidling gjennom ulike arrangement undervegs i utstillingsperiodane. Ved å arrangere t.d. kunstnarsamtale, omvisning med kunstnaren, undringstime, workshops, ev. yoga/meditasjon i utstillinga, vil ein re-aktualisere utstillinga, og kunne tiltrekke seg fleire besøkande oftare. Såleis kan ein også trekkje til seg nye publikumsgrupper.

C: Kunstløft og kunstnarleg nyskaping

- Galleri Salhus ønskjer i 2019 å vise norsk tekstilkunst av høg kvalitet. Me har eit breitt kontaktnett opp mot tekstilkunstnarar som arbeider med ulike uttrykk, og som har delteke på utstillinger på både nasjonalt og internasjonalt nivå.
- Galleri Salhus vil bidra til å utvikle kunstlivet i fylket innan den visuelle kunsten generelt, og tekstilkunsten spesielt. Me tenkjer at tekstilkunsten spesielt har ei naturleg tilhøyrsløse til Norsk Trikotasjemuseum, og ønskjer både å tiltrekke oss eit publikum med særinteresser, samstundes som museet sitt «ordinære» publikum, fører til at tekstilkunst av høg kvalitet når ut til eit breiare publikum.
- På sikt vil det vere naturleg å søkje samarbeid med KMD/UiB om t.d. eit fagseminar.

Budsjett og finansiering:

Budsjett	Sum	Finansiering	Sum
Produksjonsstøtte til kunstnarar (gjeld separatutstilling/duoutstilling)	35 000	Norsk Trikotasjemuseum	100 000
Vederlag til kunstnarane (alle)	100 000	Bergen kommune	100 000
Utstillingsmateriell	10 000	KUP-midlar	260 000
Dokumentasjon/fotograf	15 000		
Marknadsføring	15 000		
Diverse honorar i samband med arr./formidling	10 000		
Kunstfrakt	15 000		
Lønn 35% stilling inkl. sosiale kostnader	250 000		
SUM	460 000	SUM	460 000

Sum til søknad KUP: 260 000,-

Skal søke Bergen kommune 1.sept.

Kommentar til budsjett:

Til gruppeutst. vil me basere oss på allereie eksisterande verk, slik at det kun er vederlag til kunstnarane for den tida Galleri Salhus disponerer verka. Til separat-/duoutst. vil det vere ønskeleg også å bidra med produksjonsstøtte i tillegg til eit noko større vederlag.

Førebels utstillingsprogram:

Museet held vinterstengt frå medio desember til medio februar.

17.feb.-14.april Marianne Moe (intensjonsavtale)(<http://mariannemoe.no/>)

28.april-2.juni Borghild Rudjord Unneland (intensjonsavtale)(<http://bunneland.no/>)

16.juni-11.august Gruppeutstilling

18.aug.-15.sept. Kunstnarduo? (Kristina D. Aas og Karina N. Presttun?)(<http://kristina-aas.com/> og <http://www.karinapresttun.no/>)

(Veke 39 og 40 disponerer Bergen Strikkefestival lokalet)

13.okt.-1.des. Gruppeutstilling

Marianne Moe:

Produksjonsstøtte kr. 10 000

Vederlag kr. 10 000

Borghild Rudjord Unneland:

Produksjonsstøtte kr. 10 000

Vederlag kr. 10 000

Kunstnarduo (Kristina D. Aas og Karina Presttun?)/(Birgit Eide og Ida C.Helland-Hansen?)

Produksjonsstøtte kr. 15 000

Vederlag kr. 10 000

Gruppeutstillinger:

Gruppeutstillingane vil vere basert på eksisterande verk.

Vederlag til fordeling, kr. 35 000 x 2 utstillingar.

(Ca. 7 kunstnarar pr.gruppeutstilling, som kvar mottek ca. kr 5000 i vederlag.)

Aktuelle namn til gruppeutstillingar kan vere: Ida C. Helland-Hansen, Kyioshi Yamamoto, Birgit Eide, Martin Stråhle, Helle Mellemstrand, Silje Heggren, Torunn Halseid Marø, Lillian Presthus, Janne Nes, Kristine Fornes, Marit Helen Akslén, Marta Nerhus, Kari Steihaug, Aud Bækkelund, Åse Ljones, Gro Aakenes Sævig m.fl.



GALLERI SALHUS
NORSK TRIKOTASJEMUSEUM